

Prosjekt rapport for Osterøy bibliotek:

Samarbeid mellom bibliotek og helsestasjon

Hva vi skulle gjøre

Samarbeide med helsestasjon om ideer til formidlingstiltak rettet mot barnefamilier. Gjennomføre tiltaka.

Mål:

- Å bygge erfaring og kompetanse i å samarbeida med andre institusjonar i målretta formidlingsarbeid.
- Å skape bevissthet hos foreldre om verdien av lesing fra ung alder.
- Fleire born blir eksponert for bøker og lesing frå ung alder.

Kva har vi gjort

Samarbeid.

Vi gjennomførte samarbeidsmøter med tilsette på helsestasjon våren 2023 og kom fram til følgende tiltak for å nå småbarnsfamilier:

- bibliotekarbesøk i barselgrupper på helsestasjon.
- Bibliotekarbesøk på babysonggruppe.
- Boktips for barnebøker på sosiale medier
- Vidareutvikling av samarbeid med barnehagar om barnehagebibliotek.
- Formidlingsarrangement i biblioteket på fridagar i skule og barnehage.

Gjennomføring

Bibliotekarbesøk i barselgrupper på helsestasjon.

Me har vært på besøk i barselgrupper på helsestasjon hos 8 månadersgruppa og 4 vekersgruppa.

Bibliotekaren har snakka om

- betydninga av lesing for dei minste med utgangspunkt i læringsressursen leselyst med dei minste.
- Fortalt om biblioteket sitt tilbod til barn og familiar
- Presentert bøker.
- Tilbod om å laga lånekort på staden.

Bibliotekarbesøk på babysonggruppe.

- Fortalt om biblioteket sitt tilbod til barn og familiar
- Presentert bøker.
- Tilbod om å laga lånekort på staden.

Boktips for barnebøker på sosiale medier.

- Bibliotekar har jevnleg lagt ut innlegg på facebook retta mot småbarnsfamiliar.

Vidareutvikling av samarbeid med barnehagar om barnehagebibliotek.

- Osterøy bibliotek har allereie hatt ei ordning med barnehagebibliotek, bokkassar med bøker til hjemlån i garderobene i barnehagane. I prosjektperioden har me jobba vidare med denne ordninga i samarbeid med biblioteka. Me har besøkt barnehagane når det har vært utskifting av kassar, med lesestund og bokprat med ungane. Me har og samarbeida med barnehagane om å formidle og få ut informasjon om tilbodet til foreldra.

Formidlingsarrangement i biblioteket på fridagar i skule og barnehage.

- Me har gjennomført formidlingsarrangement på biblioteket i samband med planleggingsdagar og feriar i skule og barnehagar.

Lærdommar og resultat

Å bygge erfaring og kompetanse i å samarbeida med andre institusjonar i målretta formidlingsarbeid.

Me har blitt flinkare i å samarbeide utanfor biblioteket, med helsestasjon, barnehage og skule. Lærdommen tilseier at den gode utviklinga kanskje ikkje skjer så mykje på idemyldringsmøta, men gjennom den jevnlege kontakten ein har gjennom konkrete samarbeidsoppgåver.

Å skape bevissthet hos foreldre om verdien av lesing fra ung alder.

Nesten to årskull av nybakte foreldre har fått treffe ein bibliotekar som fortel om verdien av å begynna tidlig med høgtlesing. Me har reflektert ein del over korleis ein skal nå fram med budskapet, og unngå at lesinga blir eit nytt punkt på ei allereie lang liste med formaningar som foreldre må forholde seg til. Me og har diskutert dette med dei tilsette på helsestasjonen.

Fleire born blir eksponert for bøker og lesing frå ung alder.

Statistikken viser tydeleg høgare utlån på bøker for småbarn i biblioteket. Antallet aktive lånarar i aldersgruppa som småbarnsforeldre høyrer til, er den som auker mest i perioden. Me ser og at barneavdelinga vert meir brukt. Det er nok mange grunner til dette, men formidlingsarbeidet er sikkert ein av dei.

Avvik

Prosjektplanen blei forsinka av at bibliotekaren som hadde ansvar for arbeidet slutta i perioden. Prosjektet blei tatt opp igjen då me fekk tilsatt ny barnebibliotekar. Prosjektmidla vart då fordelt over to år i staden for eitt.

Konklusjon

I arbeidet med prosjektet har biblioteket fått innført fleire verdifulle tiltak som me vil videreføra etter endt prosjekperiode.